



| | | | |
|---------------|--|-----------|----------|
| Må fyllast ut | Fødselsnummeret til personen (11 siffer) | Etternamn | Førenamn |
| | | | |

Viktig informasjon

Autorisasjonsansvarlege i verksemdar, forvaltingsorgan og rettssubjekt som er underlagde tryggleikslova, kan be klareringsstyresmakta om tryggleiksklarering av personar.

Skjemaet skal fyllast ut av den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon i verksemda. Førespurnad om tryggleiksklarering skal vere tilstrekkeleg grunnitt og dokumentert, jf. verksemdtryggleiksforskrifta § 75, og må minimum vere heimla i éi av føresegnene i punkt 2 nedanfor.

Før den aktuelle personen får og fyller ut personopplysningsblanketten, skal verksemda fyller ut heimla klareringsnivå. Dette gjer de under «Viktig informasjon til deg som skal tryggleiksklarerast» på side 1 i blanketten.

Send ein kopi av utfylt personopplysningsblankett saman med grunnitt og dokumentert førespurnad om tryggleiksklarering til klareringsstyresmakta. Kvaliteten på kopien må ikkje vere dårlegare enn originalen. Dårleg kopikvalitet eller manglande grunniving/dokumentasjon kan føre til at klareringsstyresmakta avviser førespurnaden.

Den autorisasjonsansvarlege i verksemda skal lagre den originale personopplysningsblanketten åtskilt frå andre opplysningar i verksemda, jf. verksemdtryggleiksforskrifta §§ 77 og 78.

1 Opplysningar om verksemda/oppdragsgivar, klareringsstatus og klareringsnivå

| | | |
|----------------------------|--------------------------|-------|
| 1.1 Verksemd/oppdragsgivar | 1.2 Klareringsstyresmakt | J.nr. |
|----------------------------|--------------------------|-------|

1.3 Vel bakgrunn for førespurnad om tryggleiksklarering og heimla klareringsnivå.

Ikkje tidlegare klarert Ingen endringar – klareringa er i ferd med å gå ut (reklarering) Endringar i klareringsbehov (reklarering)

| | | | |
|--|--|--|----------------------------------|
| KONFIDENSIELT (K) <input type="checkbox"/> | NATO CONFIDENTIAL (NC) <input type="checkbox"/> | Vel kor lenge klareringsbehovet skal gjelde for. Gjeld spesielt ved kortare oppdrag osv. Fem år er maksimal lengd. | |
| HEMMELEG (H) <input type="checkbox"/> | NATO SECRET (NS) <input type="checkbox"/> | Eitt år <input type="checkbox"/> | To år <input type="checkbox"/> |
| STRENGT HEMMELEG (SH) <input type="checkbox"/> | COSMIC TOP SECRET (CTS) <input type="checkbox"/> | Tre år <input type="checkbox"/> | Fire år <input type="checkbox"/> |
| | | Fem år <input type="checkbox"/> | Ev. til dato: _____ |

2 Kva føresegn heimlar klareringbehovet?

| | | |
|--|-----------------------------|------------------------------|
| 2.1 Tilgang til informasjon gradert KONFIDENSIELT eller høgare, jf. tryggleikslova § 8-1 andre ledd første punktum | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |
| 2.2 Permanent tilgang til skjermingsverdig objekt (overgangsregel frå den gamle lova, tryggleikslova § 17b fjerde ledd, gjeld fram til departementet gjer vedtak om krav om tilgangsklarering etter lov 1. juni 2018 nr. 24 om nasjonal sikkerhet § 8-3, seinast 1. januar 2022) | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |
| 2.3 NATO-krav til klarering for administratortilgang til system der ein behandlar NATO-gradert informasjon, jf. verksemdtryggleiksforskrifta § 21 og NATO-direktivet av 9. desember 2011 | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |
| 2.4 Utøving av klareringsmyndigheit, jf. klareringsforskrifta § 1 siste ledd | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |
| 2.5 Risiko for vilkårleg tilgang, jf. tryggleikslova § 8-2 andre ledd, jf. verksemdtryggleiksforskrifta § 75. | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |
| 2.5.1 Verna sone (verksemdtryggleiksforskrifta § 40). | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |
| 2.5.2 Sperra sone (verksemdtryggleiksforskrifta § 41). | <input type="checkbox"/> Ja | <input type="checkbox"/> Nei |

Før klareringsstyresmakta kan behandle ein førespurnad om tryggleiksklarering, må det vere kryssa av for «Ja» på eitt eller fleire av spørsmåla i punkt 2.1 til 2.5. Klareringsbehovet skal vere grunnitt og dokumentert nedanfor. Det skal tydeleg komme fram i beskrivinga kva arbeidsoppgåver, kva slags oppdrag eller kva for eit prosjekt det gjeld.

Dersom behovet er grunnitt i punkt 2.5 (risiko for vilkårleg tilgang), skal verksemda stadfeste at andre tiltak for å redusere risikoen ikkje er tilstrekkeleg til å fjerne behovet for klarering.

| | |
|----------------------|--|
| Beskriving av punkt: | |
| | |
| | |

| | |
|----------|--|
| 3 | Er den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon, kjend med om det finst annan informasjon om personen som kan vere relevant for klareringsstyresmakta? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, legg dokumentasjonen ved blanketten. |
| 4 | Er alle nærstående som er omfatta av personkontrollen for det aktuelle klareringsbehovet, førte opp på personopplysningsblanketten? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom nei, returner blanketten til hovudpersonen for korrekt utfylling før blanketten blir send til klareringsstyresmakta. |

| | | | |
|----------|---|------|--------------------------------------|
| 5 | Stad, dato, stempel og underskrift (verksemd/oppdragsgivar) | | Dato for signatur frå personen i POB |
| 5.1 | Adresse: | | E-postadresse |
| 5.2 | Namn og stilling i blokkbokstavar (jf. signatur i punkt 5) | Tlf. | Talet på vedlegg |

Rettleiing til utfylling av førespurnad om tryggleiksklarering

Rettleiinga har som formål å gi dei autorisasjonsansvarlege i verksemda eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon, ei generell innføring i utfylling av dette skjemaet. Rettleiinga er å rekne som eit supplement til tryggleikslova kapittel 8 og forskrift om sikkerhetsklarering og annen klarering (klareringsforskrifta).

| Pkt. | Forklaring |
|-------------|---|
| 1.1– 1.3 | <p>Her skal de opplyse om kva forvaltingsorgan eller anna verksemd som er underlagd tryggleikslova, som på vegner av den autorisasjonsansvarlege søker om tryggleiksklarering. Opplys kva for ei klareringsstyresmakt som skal behandle førespurnaden om tryggleiksklarering. I punkt 1.3 opplyser de om bakgrunnen for førespurnad om tryggleiksklarering.</p> <p>Den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon, skal krysse av for heimla <u>klaringsnivå</u> og opplyse om lengda på klareringsbehovet.</p> <p>Den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon, skal òg fyller ut felta i rubrikken «Informasjon om klareringsbehov» på side 1 i personopplysningsblanketten før personen får blanketten til utfylling. Dette blir gjort for å informere personen om kva nivå han/ho skal klarerast for: KONFIDENSIELT, HEMMELEG, STRENGT HEMMELEG og/eller NATO-klareringar.</p> |
| 2. | <p>Personar som skal autoriserast for tilgang til tryggleiksgradert informasjon som er gradert KONFIDENSIELT eller høgare, skal tryggleiksklarerast på førehand. Den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon, skal grunngi og dokumentere klareringsbehovet ved å fyller ut punkt 2.1 til 2.5 og leggje ved nødvendig dokumentasjon.</p> <p><u>Punkt 2.2:</u> I punkt 3.8, «Overgangsregler», i den kongelege resolusjonen står det at fram til kvart enkelt departement har kartlagt sitt eige ansvarsområde og gjort dei påkravde enkeltvedtaka, vil vedtak om tryggleiksklarering for tilgang til eit skjermingsverdig objekt bli førte vidare etter at den nye tryggleikslova er sett i kraft òg.</p> <p><u>Punkt 2.5:</u> Personar som i arbeidet sitt vil kunne få tilgang til tryggleiksgradert informasjon gradert KONFIDENSIELT eller høgare, skal tryggleiksklarerast dersom ikkje verksemda kan stadfeste at andre tryggleikstiltak for å redusere risikoen ikkje er tilstrekkeleg til å fjerne behovet for klarering. Dersom førespurnaden er grunngitt i risikoen for vilkårlig tilgang, bør den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit for autorisasjon i verksemda, beskrive tryggleikstiltak som er sette i verk for å hindre denne tilgangen, jf. tryggleikslova § 8-2 andre ledd, jf. verksemdsforskrifta § 75.</p> |
| 3 | <p>Annan relevant tryggleiksinformasjon viser til opplysningar utover det som kjem fram i personopplysningsblanketten. Rapportar om tryggleiksbrot, økonomi, helse og Akan-avtalar kan vere aktuelle tema i denne samanhengen.</p> |
| 4 | <p>Kontroller at den noverande sambuaren/ektefellen/partnaren er ført på punkt 13 i blanketten, og at det ved Ja på spørsmål om nærstående i punkt 11 og 12 at disse er oppført i punkt 14. Kontroller også at nærstående er påført ved behov for STRENGT HEMMELEG og COSMIC TOP SECRET. Dersom nokon av dei nærstående er døde, skal hovudpersonen berre føre opp namnet på vedkommande. Sjå definisjonar av nærstående i «<i>rettleiinga til utfylling av personopplysningsblanketten for tryggleiksklarering</i>».</p> |
| 5 | <p>Den autorisasjonsansvarlege eller den som har fått delegert myndigheit til autorisasjon, skal signere og fyller ut adresse før blanketten blir send til klareringsstyresmakta. Kontroller at personen har signert punkt 24/26 på personopplysningsblanketten før de sender han inn til klareringsstyresmakta. Utan dato og signatur frå personen kan vi ikkje setje i verk personkontroll.</p> |